
Saksnr: 2020/36671-11
Saksbehandlar: Silje Aaberge Aalbu

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		12.01.2021

Strategi for mjuke trafikantar, løypemelding og mål

Forslag til vedtak

Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til hovudmål og delmål i arbeidet med strategi for mjuke trafikantar i Vestland fylkeskommune.

Samandrag

Strategi for mjuke trafikantar vil vere eit grunnlagsdokument for RTP 2022-2033, og vil vera fylkeskommunen sitt strategiske dokument for korleis fylkeskommunen skal jobbe for å nå målet om auka andel gåande og syklende i fylket. Basert på nasjonale mål er det formulert eit hovudmål og to delmål i arbeidet med strategi for mjuke trafikantar i Vestland fylkeskommune. Det er valt å fokusere eit delmål mot born og unge sine reiser til skulen, og eit delmål mot reiser i senter og tettstadar. Fylkesdirektørane ber gjennom denne saka om tilslutning til vidare arbeid med strategi for mjuke trafikantar slik det er skissert, og viser samstundes til at endeleg vedtaksmynde for RTP 2022 - 2033 ligg til fylkestinget, som vil få planen til handsaming i desember 2021.

Hovudmål: Fleire skal gå eller sykle i staden for å nytte bil.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Dina Lefdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er sett i gong arbeid med å utarbeide «Strategi for mjuke trafikantar» som grunnlagsdokument til RTP 2022-2033. Dette arbeidet skal svare ut to utgreiingsbehov i vedtaket av planprogram for RTP 2022-2033.

I politisk handsaming av planprogrammet til RTP vedtok Fylkesutvalet følgjande utgreiingsbehov:

- Som ein del av RTP skal det utarbeidast ein strategi for mjuke trafikantar som skal avklare korleis fylkeskommunen skal prioritere bygging og drift- og vedlikehald av gang- og sykkelveggar, samt plan for haldningsskapande arbeid. Strategien må gje retningslinjer for vidare satsing på sykkelbyavtalar.
- Som del av RTP skal det utarbeidast ein sykkelstrategi for Vestland.

Prosjektgruppa har valt å kalle strategien «Strategi for mjuke trafikantar», og strategien skal i hovudsak omhandle gåande og syklande, men vil også fange opp andre transportformer innanfor omgrepet «mjuke trafikantar», så som folk på sparkeysykkel, ståhjul, rullearki, rullestol osv. Det vert ikkje utarbeidd separat «sykkelstrategi» eller «gåstrategi», då alt vert omfatta av «strategi for mjuke trafikantar».

Vedtakskompetanse

Innanfor fylkeskommunen si eiga verksemd skal hovudutval for samferdsel og mobilitet særskild arbeide med utforming av mål og prioritering for verksemda. Utvalet skal ivareta fagansvaret og følgje opp planar innan sitt ansvarsområde.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Strategi for mjuke trafikantar skal gi føringar for verkemiddelbruk innanfor arbeidet med tilrettelegging for gåande og syklande. Strategien skal også gi føringar for korleis midlar til fysisk gang- og sykkeltiltak skal prioriterast vidare i handlingsprogram for RTP. Me tar utgangspunkt i at eventuelle kostnader knytt til utarbeiding av strategi for mjuke trafikantar vert dekkja innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Klima: Arbeidet med strategi for mjuke trafikantar er viktig inn mot arbeidet med å redusera klimagassutslepp, då målet er å få fleire til å gå og sykla i staden for å nytte bil.

Folkehelse: Arbeidet med strategi for mjuke trafikantar vil bidrar positivt til folkehelsa, ved at ein får fleire til å gå og sykla, og at det blir tryggare å vera mjuk trafikant.

Regional planstrategi: Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (regional planstrategi) har 4 hovudmål. Hovudmål 2 er at klima og miljø skal vera ein premiss for samfunnsutviklinga. Strategi 2.1 seier at «Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.» Her er arbeidet med strategi for mjuke trafikantar ein viktig brikke ved å få fleire til å gå og sykle. Mål 3 har lokalsamfunna som ramme for gode kvardagsliv. Strategi 3.2 seier at «Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket». Tilgjenge til byane og dei regionale sentra for mjuke trafikantar er med på å gjera dei attraktive for ei større brukargruppe. Klimavenleg stadutvikling krev tilgjenge for alle miljøvennlege transportformer i sentra, til skular og fritidsaktivitetar.

Strategien sitt føremål

Strategien skal skissere korleis Vestland fylkeskommune skal jobbe for å målsettinga om at fleire skal velje å gå eller sykle. Strategien vil difor bidra til å fremje folkehelse. Strategi for mjuke trafikantar skal avklare satsingsområde og fastsette mål for sykkel og gange. Strategien skal i tillegg skildre konkrete tiltak for å nå måla, utan å omtale enkelt strekningar. Gå- og sykkeltiltak skal inn i det felles handlingsprogrammet til RTP.

I strategiarbeidet vil trafiksikkerheit for mjuke trafikantar bli koordinert med utarbeidinga av handlingsprogram for trafikktrygging.

Organisering av arbeidet

Direktør for mobilitet og kollektiv er prosjekteigar. Prosjektgruppa består av representantar frå avdeling for infrastruktur og veg (INV) og mobilitet og kollektiv (MOK). I tillegg blir det sett opp ei referansegruppe med interne og eksterne representantar som arbeidsgruppa kan ta avsjekkar med ved behov. Medverknad utover dette skjer i samband med RTP.

Mål

Det er utarbeidd eit hovudmål i strategien, og dette vil også gå inn som delmål i RTP.

Hovudmål

Fleire skal gå eller sykle i staden for å nytte bil

Bakgrunnen for at dette målet er valt:

Det er ei ønska utvikling at fleire skal sykle eller gå då forskning viser at dette både betrar folkehelsa, er bra for miljøet og reduserer helseutgifter for det offentlege. At fleire sykklar eller går vil også redusere belastninga på vegnettet og parkeringsplassar. I målformuleringa er det eit viktig poeng å få tydeleg fram at det er endring av reisevanar til dei som nyttar bil som er hovudutfordringa. Og at så lenge ein vel å gå eller sykla er det lite relevant kva for ein av desse reisemetodane ein vel. Ein føresetnad for hovudmålet er at nullvisjonen ligg til grunn.

Det er utarbeidd to delmål:

Delmål 1 – Born og unge

80 % av elevar utan ordinær skuleskyss skal gå eller sykle til skulen

Bakgrunnen for at dette målet er valt:

Dette målet er valt fordi ein ynskjer at Vestland fylkeskommune skal bygge opp under det nasjonale målet om at *80 % skal gå eller sykle til skulen*.

Det er valt å spesifisere målet til å gjelde dei som ikkje har rett på ordinær skuleskyss på grunn av avstand (ikkje inkludert dei som har skuleskyss med kommunalt vedtak på grunn av farleg skuleveg etc). Tal frå Skyss viser at 21 % av elevane i grunnskulen har rett på ordinær skuleskyss (det varierer mellom 1-79 % i kommunane i fylket).

At den nasjonale målsetjinga bør gjelde elevar utan rett på ordinær skuleskyss er også omtala i TØI rapport 1676/2018 «Sykling og sykkelmål, Analyser av sykkelandeler og ulike målsetningar for Nasjonal Transportplan»,

I planprogrammet til RTP vart også følgjande utgreiingsbehov vedtatt

- Det er behov for å kartlegge elevreiser i Vestland som eit ledd i arbeidet med å få fleire barn og unge til å sykle eller gå til skulen.

Administrasjonen har no samla inn data frå over 200 grunnskular i heile Vestland. Dataa viser at vi ligg lagt unna den nasjonale målsettinga. Undersøkinga er gjennomført via spørjeskjema til kontaktpersonane for skuleskyss på kvar skule. Kontaktpersonane har svara for heile skulen. Tala må difor tolkast med varsemd.

Reisemåte vanlegvis	
Går	32,8 %
Syklar	13,3 %
Buss (gratis eller betalar)	33,5 %
Taxi (skuleskyss)	5,9 %
Blir køyrt	14 %

Tala viser at om lag 46 % av elevane i Vestland går eller syklar til skulen. Dersom ein ikkje tel med dei som har ordinær skuleskyss er det 58 % av dei resterande elevane som går eller syklar til skulen (grunnskulen). Det er difor eit ambisiøst, men realistisk mål å jobbe for at 80 % av born og unge utan ordinær skuleskyss skal gå eller sykle til skulen.

Delmål 2 – Reiser til fots og på sykkel i Vestland

- a) Auke i andelen reiser til fots og på sykkel i senter og tettstadar i fylket
- b) >10 % sykkelandel i Bergensområdet* innan 2033
(utan at kollektivandelen går ned)

**Gjeld avtaleområdet for byvekstavtalen*

Bakgrunnen for at dette målet er valt:

Dette målet er valt fordi ein ynskjer at Vestland fylkeskommune skal bygge opp under det nasjonale målet om at sykkelandelen i landet skal vera på minimum 8 %. Den nasjonale sykkelstrategien peikar på at ein må nå 10-20 % sykkelandel i byane for å nå målet om 8 % totalt i landet. TØI rapport 1676/2018 «Sykling og sykkelmål, Analyser av sykkelandeler og ulike målsetningar for Nasjonal Transportplan» har undersøkt nasjonale mål opp mot kvarandre, og viser at det ikkje er samanheng mellom målet på 8 % nasjonalt, og 20 % i dei ni største byområda. Rapporten viser at dersom alle dei 9 største byområda når ein sykkelandel på 11 %, så er det nasjonale målet om 8 % sykkelandel nådd. I sykkelstrategi for Bergen er det sett mål om 10 % sykkelandel i kommunen, og 20 % i utvida sentrum. Basert på dette er det valt å setje eit konkret mål på >10 % sykkelandel samla for heile det utvida byvekstområdet i løpet av planperioden til RTP. Fylkeskommunen bør også ha fokus på andre senter og tettstadar i fylket, og å auke andelen reiser med sykkel og til fots der. Men det finst pr no ikkje datagrunnlag som talfestar reisevanane i dei andre sentera og tettstadane godt nok, og det er difor ikkje spesifisert ein andel reiser i målet.

Bergen kommune har nyleg vedteke eigen gåstrategi og sykkelstrategi. Desse er langt meir detaljerte enn det strategi for mjuke trafikantar legg opp til, men dei er ikkje i konflikt med det arbeidet vi no utfører på regionalt nivå. Strategi for mjuke trafikantar vil ta inn over seg dei overordna føringane i strategiane til Bergen kommune.

Desse delmåla gjer at Vestland fylkeskommune bidreg til at ein kan nå dei nasjonale måla, men med ei forlenga tidsramme ut planperioden.

Konklusjon

Målet med denne saka er å fastsetje hovudmål og delmål i samband med strategi for mjuke trafikantar for Vestland fylkeskommune 2022-2033. Fylkesdirektørane ber gjennom denne saka om tilslutning til vidare arbeid med strategi for mjuke trafikantar slik det er skissert, og viser samstundes til at endeleg vedtaksmynde for RTP 2022 - 2033 ligg til fylkestinget, som vil få planen til handsaming i desember 2021.

Fylkesdirektørane legg til grunn at strategidokumentet skal sendast på høyring til kommunane og andre interessentar saman med RTP. I høyringa vil vi be kommunane om innspel på aktuelle fysiske tiltak innan gange- og sykkeltiltak slik at vi kan få eit best mogleg grunnlag når ein skal vurdere kva nye prosjekt som ein skal starte opp eller ikkje.